



Årsmelding for 2021 frå Handballgruppa i Hareid IL

Styret har sidan årsmøtet for 2020 hatt slik samansetjing:

Leiar: Vivian Johansen

Nestleiar: Astrid Ertesvåg

Styremedlem: Gunhild Botnen Feiring - Sekretær

Styremedlem: Heidi-Beate Siring Grimstad- Økonomi og sponsoransvarleg

Styremedlem: Rune Olsen- Utstyrsansvarleg

Styremedlem: Christian Jønsson- Kiosk og arrangementsansvarleg

Styremedlem: Odeta Galdikas- Dommaransvarleg

Styret sitt arbeid:

Oppmøte i styret har vore god.

Styret har hatt åtte styremøter og handsama i alt 48 saker, mellom anna:

- a. Nytt utstyrsrom/lager: Handballen har fått tildelt det gamle utstyrsrommet til fotballgruppa. Her er tre skap ledige, som vi kan bruke til mykje av utstyret vårt. Styret hadde dugnad og rydda og flytta over alt utstyret.
- b. Trenaravtalar og godtgjersle: det har vore diskutert i fleire av styremøta korleis vi kan sørge for å behalde trenarar i handballgruppa. Fleire forslag har blitt fremja, og det blei til slutt laga trenaravtalar som formaliserte avtalen mellom handballgruppa og den enkelte trenar. Det er ei målsetjing at alle trenarane har ein slik skriftleg avtale.
- c. Samarbeidsavtale med Hødd: pga ein avlyst sesong 2020-2021 var det svært usikkert om vi klarte å stille eit damelag til 4.divisjon sesongen 2021-2022. Situasjonen var i stor grad den same i Ulsteinvik. Det blei difor inngått ein samarbeidsavtale med Hødd, der intensjonen var at vi stilte eitt lag i 4.divisjon som skulle bestå av splelarar

frå både Hareid og Hødd. Like før sesongstart spurte Hødd om å få overta plassen til Hareid i 4.divisjon. Hareid yngste å behalde plassen, og mobiliserte stort for å få på plass nok spelarar til damelaget. I dag har vi 17 aktive Hareidsspelarar i 4.divisjon.

- d. Nye minihandballmål: I vår fekk vi gåve med Hareid frivilligsentral. Handballgruppa fekk 20 000 kroner til innkjøp av nye minihandballmål. Måla er kjøpt inn og montert. Tusen takk til Hareid frivillegsentral som hugsar på handballgruppa.
- e. Kast ballen: Handballforbundet lanserte i vår ein kampanje som skulle skape interesse og rekrutering til lokale handballag. Kampanjen var i samarbeid med grunnskulen, og det var elevar på 1.-3.trinn som blei invitert med i kampanjen. Dei skulane som meldte seg på, fekk utstyr og treningsopplegg som dei kunne nytte i gymtimane i skuletida. I Hareid meldte Hjørungavåg og Bigset skule seg på ordninga. Hareid skule var litt for seine, men fekk tips og utstyr frå dei to andre skulane. Kampanjen gav god blest om handballen i skulen, men vi kan ikkje seie at vi opplever at det har gitt spesielt stor rekrutering til handballgruppa.
- f. Handballskule i haustferien: Handballgruppa arrangerte handballskule i haustferien, for elevar i barneskulen. 29 born deltok. 5 frivillege ungdomar frå J15 deltok som instruktørar, saman med 4 vaksne frå styret i handballgruppa. Eit vellukka arrangement, med gode tilbakemeldingar frå både foreldre og born.
- g. Dugnad: handballgruppa har gjennomført ein salsdugnad i november. Kvar utøvar skulle selje tre kortpakkar a 250.- Vi har lukkast å få solgt om lag $\frac{3}{4}$ del av kortpakkane. Vi satsar på å få selt resten av pakkane no på våren.
- h. Roller i styret: Styret skal utarbeide nye dokument, som skal seie noko om kva roller og ansvarsområder alle styremedlemmane skal ha. Styret har definert og fordelt ansvarsområda slik: leiar, nestleiar, sekretær, økonomi og sponsoransvarleg, utstyrsansvarleg, dommaransvarleg og kiosk- og arrangementsansvarleg.

i.

Medlemskap i gruppa:

Alderstrinn	Gutar				Jenter				SUM
	0-5 år	6-12 år	13-19 år	vaksne	0-5 år	6-12 år	13-19 år	vaksne	
		4	0	3		49	14	28	98

Seriespel:

Vi har meldt opp fem lag til seriespel denne sesongen og har to minihandballag:

LAG	FØDT	TRENARAR	TRENINGSTIDER
J10 x2	f.2011 og 2012	Torild Haugen Vikebakk	1 dag i veka
J12	f.2010, 2009 og 2008	Kristine Ulstein Bigset Martine Brandal Haugen	2 dagar i veka
J15	f.2007, 2006 og 2005	Stasys Galdikas Maria Juul Hansen (hjelpetrener)	3 dagar i veka
Dame	f. 2004 og før	Guri Breivik	2 dagar i veka
J/G mini	f.2013 og 2014	Ina Flø Nettet Maria Slettebakk	1 dag i veka
J/G mini	f. 2015	June Skeide Bergset Julianne Brandal Mork (hjelpetrener)	1 dag i veka

Dommarar 2021-2022:

Handballgruppa har hatt tre aktive dommarar sesongen 2021-2022: Linda Marie Godø, Cecilie Skeide og Morten Berge.

Covid -19 og pandemi:

Den pågående pandemien med Covid -19 har ført til store utfordringar for handballen, både denne og førre sesong. Våren 2021 var all kampaktivitet i serien avlyst. Trening for både junior- og seniorlag var sterkt regulert av smitteverntiltak gjennom heile våren. Hausten 2021 kom alle handballaga seint i gang med trening og seriespel, då det var knytt stor usikkerheit rundt rammene for handballsporten pga smittevern. Seriespelet kom i gang etter haustferien, men allereide i desember blei all kampaktivitet og treningsaktivitet avlyst.

Etter 14.januar-22 blei det opna for trening og kampavvikling for juniorlag (under 20 år), men kampaktivitet på seniornivå var og er framleis utsett på ubestemt tid. Trening for spelarar over 20 år er sterkt regulert av smittevernomsyn, og i realiteten har dei ikkje moglegeheit til å trene og spele handball.

Økonomi:

Styret bestemte seg i 2021 for å gi eit trenarhonorar til dei som bidreg som trenarar i handballgruppa. Dette er ein utgift vi ikkje har hatt før, og for å halde balanse i rekneskapen var vi innstilte på å gjennomføre dugnad i løpet av året, då vi var usikre på kva året ville bringe av jamne arrangementsinntektar.

Både handballskulen i september og kortdugnaden i november gav gode inntektar til handballgruppa.

Treningsavgift blei samla inn i desember. Der har vi noko etterslep som kom inn over nyttår.

For sesongen 2021/2022 bør denne samlast inn i månedsskiftet oktober/november, slik at innbetalingene kjem før årsskiftet.

Økonomirapporten syner alt i alt at vi har gått i overskudd i år, då vi ikkje har hatt uforutsette utgifter gjennom året.

Sluttord:

Den sterkt avgrensa aktiviteten for både born og vaksne innan handballsporten, har ført til utfordringar med å behalde spelarar på dei ulike laga. Særlig ser vi at eldre born og ungdom fell frå, når det blir lagt restriksjonar på kamp og treningsaktivitet. Handballgruppa er bekymra for situasjonen, og ser at vi neste sesong vil ha utfordringar med å kunne gje eit breitt aldersbestemt tilbod, pga låge medlemstal.

Til tross for utfordringar, kan vi sjå tilbake på eit år med mykje godt arbeid lagt ned av spelarar og støtteapparat. Handballgruppa har fleire trufaste og ivrige eldsjeler, som brenn for å la born og ungdom i Hareid ha eit handballtilbod i Idrettslaget sitt. Vi har god rekrutering blant dei yngste borna, noko vi ynskjer og halde fokus på vidare. Vi håpar og trur at neste sesong skal kunne gjennomførast utan nedstenging og restriksjonar for kamp og trening – på alle nivå.

Hareid, 31.01.2022

Vivian Johansen

Leiar


Heidi-Beate Siring Grimstad

Styremedlem

Odeta Galdikiene

Styremedlem

Astrid Ertesvåg

Nestleiar


Christian Jønsson

Styremedlem


Gunhild Botnen Feiring

Styremedlem


Rune Olsen

Styremedlem

Årleg møte i handballgruppa Hareid IL 07.02.22

Oppmøte: Astrid Liaset Ertesvåg, Odeta Galdikiene, Vivian Johansen, Rune Olsen, Gunhild Botnen Feiring, Christian Jønsson.

Sak 1: Godkjenne røysteføre

Fire røysteføre.

Sak 2: Godkjenne innkallinga

Godkjent.

Sak 3: Godkjenne saklista

Godkjent.

Sak 4: Val av ordstyrar

Vivian Johansen.

Sak 5: Val av referent

Gunhild Botnen Feiring.

Sak 6: Val av to medlemmer til å underskrive protokollen

Astrid Liaset Ertesvåg og Heidi-Beate Siring Grimstad.

Sak 7a: Styret si årsmelding 2021

Styret har fått tilsendt denne i forkant av møtet, og den er lest gjennom. Går gjennom høgdepunkta i fellesskap. Dei røysteføre godkjenne årsmeldinga.

Sak 7b: Styret sin regnskap for 2021

Økonomiansvarleg går gjennom regnskapet.

Sak 8: Fastsette treningsavgifter for 2023

Dei røysteføre godkjenne treningsavgiftene.

Sak 9: Fastsette budsjett 2022 for handballgruppa

Dei røysteføre godkjenne budsjettet.

Sak 10: Val av

10.1 Styreleiar: Vivian Johansen.

10.2 Andre styremedlemmer: Astrid Liaset Ertesvåg, Rune Olsen, Christian Jønsson, Odeta Galdikiene, Heidi-Beate Siring Grimstad, Maria Juul Hansen.

10.3 To medlemmer til valnemnda:

Astrid Liaset Ertesvåg

Heidi-Beate Siring Grimstad